

PRESSEMELDING OM SMITTEVERNTILTAK

Volda kommune 13.03.20



Volda
kommune

PRESSEMELDING

Koronaviruset spreier seg i folket i landet, og ein har no kome til det stadiet der ein ikkje lenger har kontroll på smittekjeldene. I går sette Helsedirektoratet inn drastiske tiltak. Volda kommune følgjer situasjonen løpande.

Situasjonen må takast på alvor i befolkninga for å halde nede spreinga av viruset i befolkninga. For å lykkast er det nødvendig med samtidige tiltak over ein intens periode der ein reduserer kontakt mellom folk, samt at den enkelte er svært bevisst på kva ein kan gjere for å skjerme seg mot viruset. Den enkelte må følgje råda frå nasjonale og lokale helsemyndigheiter og ta dette svært alvorleg.

Sjølv om viruset normalt berre er farleg for utsette grupper i folket, så er det svært viktig at vi gjer det vi kan for å ivareta desse og den allmenne folkehelsa. Dersom ein ikkje har situasjonen under kontroll, så kan belastninga på helsevesenet verte kritisk.

Volda kommune sine tiltak som elles ikkje er omfatta av Helsedirektoratet sine forsterka tiltak gjeld inntil vidare.

Liv og helse høgst prioritet. I den rådande situasjon vert det både nasjonalt og lokalt iverksett tiltak der liv og helse har høgst prioritet. Dette inneber at ein del praktiske konsekvensar må avklarast etter kvart både nasjonalt og lokalt. Vi ber om forståing for at liv og helse no må prioriterast, og at det ikkje er sikkert at vi kan gi klar på alle andre spørsmål som kjem i kjølevatnet av dette.

Kjøpsentra/butikkar, kafear har eit særleg ansvar. Vi oppmodar butikkane og kafeane om å ta ansvar for at det kan vere 1 meter mellom folk, og dermed må ha tilsyn med kor mange som kan vere inne samtidig. Kontaktpunkt må haldast løpande reine. Kundane må oppmodast til berre å ta på dei varene dei sjølve skal kjøpe.

Utreiseforbod for helsepersonell. Helsedirektoratet har nedlagt reiseforbod til utlandet for helsepersonell som arbeider med pasientbehandling. Dette gjeld både reiser i teneste og privat.

Pasientar bør ikkje blandast. Ingen med luftvegssymptom må kome på legesenteret utan spesiell avtale om dette. Vi har no delt legesenteret slik at dei som må kome skal bruke eigen inngang. Vi jobbar med å finne ei løysing på eit anna lokale som vi vil nytte til dei som treng legetilsyn med luftvegssymptom. Vi kjem attende med meir informasjon om dette når det er klart.

Vi ber folk medverke til å avlaste legekontora. Personar som har luftvegsinfeksjon og behov for lege, skal ringje legekontoret på førehand og avtale møte. Det er stor pågang på legekontora i Volda og på Grodås. Volda kommune oppmodar innbyggjarane til å utsetje legetimeavtalar som ikkje hastar via Helse Norge (helsenorge.no) for at legane kan prioritere dei som har størst behov no. Dei som ikkje møter til avtalte timar vil ikkje verte belasta gebyr for manglande oppmøte. Ein kan kome i kontakt med fastlege via helsenorge.no

Testing. Personer utan symptom skal ikke testes.

Kriterier for testing, uavhengig av reiseanamnese

1. Pasientar med akutt innsettande luftvegsinfeksjon* med behov for innlegging
2. Innlagde pasientar i alle helseinstitusjonar med akutt luftvegsinfeksjon
3. Tilsette i helsetjenesta med pasientnært arbeid med akutt innsettande luftvegsinfeksjon
4. Person med akutt luftvegsinfeksjon som har vore i nærkontakt med eit bekrefta tilfelle av covid-19 der smitteoppsporing er indisert
5. Spesielt sårbare grupper bør vurderast for testing sjølv ved milde symptom

*akutt luftvegsinfeksjon med minst ett av symptomene feber, hoste, kortpustethet

I Volda kommune vil testing vere slik:

- 1: Av lege, etter avtale på telefon.
2. På sjukeheimen, på rommet til bebuaren.
- 3.-5. På teststasjon i gjennomkøyringstelt ved Volda ungdomskule, etter nærare avtale med lege og heimesjukepleia.

Heimekarantene. Her gjeld dei nasjonale vilkåra fastsett av Helsedirektoratet:

«Hjemmekarantene er aktuelt for de som ikke har symptomer på covid-19, men har hatt nær kontakt med et bekreftet tilfelle eller har vært i land utenfor Norden siste 14 dager. Hjemmekarantene gjelder også for husstandsmedlemmer.

Det er viktig at du er årvåken på utvikling av symptomer som hoste, halsbetennelse, kortpustethet eller feber. Dersom du er nærkontakt til en person med påvist covid-19 og får symptomer, skal du ringe lege.

Ved sykdom følges råd for hjemmeisolering:

Du kan gå ut av eget hjem, men anbefales å unngå nær kontakt med andre. Det omfatter å:

- ikke gå på jobb eller skole
- unngå reiser og ikke ta offentlig transport
- unngå andre steder der man lett kommer nær andre

Da nærkontakter ikke har symptomer, ansees de å utgjøre en lav risiko for videre smitte. Det er derfor ikke nødvendig for deg og husstandsmedlemmer å følge spesielle råd for beskyttelse ut over håndhygiene og andre grunnleggende smitteverntiltak. God håndhygiene med hyppig håndvask med såpe og vann anbefales, spesielt etter toalettbesøk, før matlaging og før måltider.»

Generell oppmoding frå kommuneoverlegen om at alle må vise ansvar, dvs at ein oppmodar til at alle bør tenke som om dei er i heimekarantene, sett vekk i frå at ein kan gå på jobb. Det betyr hald deg heime i størst mogleg grad etter jobb og unngå nærkontakt med andre enn næraste familie. Gå på jobb om det ikkje er mogleg å legge til rette for heimekontor. Pass på at arbeidsgjevar legg til rette for gode hygienetiltak.

Nattlegevakta er flytta til Myrvåg helsesenter. Bakgrunnen for dette er å skjerme sjukehuset sine pasientar og redusere risikoen for ev spreiding av smitte.

Digital undervisning. Volda kommune legg til rette for at elevane får undervisning gjennom digitale løysingar.

Volda kommune set i verk stenging av barnehagane, grunnskulane og SFO frå og med fredag 13. mars. Barnehagen / skulen skal gje tilbod om tilsyn for barn / elevar der begge foreldra har samfunnskritiske oppgåver i ein av desse kategoriane:

Tilbod for barn til foreldre der begge jobbar i samfunnskritisk funksjon. Volda kommune skal legge til rette for eit tilbod til barn av foreldre som har kritiske samfunnsfunksjonar. Helsedirektoratet har definert dette som kritiske funksjonar innan:

- Styring og kriseleiing
- Forsvar
- Lov og orden
- Helse og omsorg
- Redningsteneste
- IKT-tryggleik i sivil sektor
- Natur og miljø
- Forsyningstryggleik
- Vatn og avløp
- Finansielle tenester
- Kraftforsyning
- Elektroniske kommunikasjonstenester
- Transport
- Satelittbaserte tenester
- Apotek

Inntil anna melding kjem, må begge foreldre ha kritiske funksjonar for at Volda gir eit tilbod til barn / elevar. Dette er for å sikre liv og helse. Fylkesmannen vil kome med ei presisering av definisjonen av samfunnskritisk funksjon.

Tilsette i kommunen på heimekontor. Volda kommune har lagt til rette for at tilsette jobbar heime for å redusere omgang mellom tilsette og redusere smitterisiko.

Reduser reiseaktivitet og unngå folkemengder. Volda kommune rår no innbyggjarane til å unngå å utsetje seg for situasjonar der ein kan verte smitta og så langt det er råd redusere reiseaktivitet og unngå å vere på stadar der det er mykje folk.

Vis solidaritet. Myngiheitene har sagt at landet no er i ei krise. Det er derfor viktig at alle no tek ansvar og viser solidaritet. Det gjer vi ved å passe på eiga helse og ikkje verte smitta sjølv eller smitte andre. Vidare må vi tenkje på om det er folk i nær omkrins som kan ha behov for hjelp. Vis også omsyn ved å ikkje hamstre mat.